



Arkivsaknr: 2024/6102-16
Sakshandsamar: Lene Helgesen
Avdeling:

SAKSFRAMLEGG

Klage på avslag dispensasjon for fjerning av grunne - 229/9 -
Bjørsvikvegen 135A

Utvalssak	Utval	Møtedato
-----------	-------	----------

Utval for areal, plan og miljø

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Klagen i frå tiltakshavar i sak 2024/6102, datert 30.10.2024, vert ikkje teke til følge.

Avslaget som vert ståande skal lyde:

«Søknad om dispensasjon frå arealføremål bruk og vern av sjø for sprenging av grunne i sjø vert avslått. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2.»

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

SAKSUTGREIING

Administrativt saknr. 2024/6102

Tiltak: vesentleg terrenginngrep
Søknadstype: Dispensasjon og rammeløyve
Eigedom: Gbnr. 229/9
Adresse: Bjørsvikvegen 135A, 5993 Ostereidet
Tiltakshavar/eigar: Lerøy Vest AS avd. Bjørsvik Settefisk
Klagar: tiltakshavar

Historikk i saka

Det blei i 2022 søkt om fjerning av grunne i sjø og oppføring av flytebryggje i same område. Søknad blei avslått da det ikkje ble gjeve dispensasjon frå arealføremål i bruk og vern av sjø for begge tiltaka. Saksnr. 22/3059.

I 2023 ble det søkt om fjerning av grunne, denne gangen uten flytebryggje. Søknaden ble avslått da det ikkje blei søkt om dispensasjon. Avslaget blei påklaga og sendt til Statsforvaltaren i Vestland som stadfesta administrasjonens avslag. Saknr. 23/10120.

Det søkjast igjen om fjerning av grunne i same område, med nødvendige dispensasjonar.


Vidare er det også ein planprosess i gang, tiltaket vil etter planprosess kunne gjennomførast i tråd med reguleringsplan.


Vurderingstema for APM

APM må vurderast om dei vil gje dispensasjon frå arealføremålet bruk og vern av sjø, for terrenginngrep under vatn, som inneber sprengning og fjerning av grunne.

Dispensasjon bør vurderast særskilt i lys av at det er reguleringsplan under arbeid for eigedommen.

Bilder og kart over tiltaket/området:





Klagerett og klagefrist

Kommunen har mottatt klage frå tiltakshavar over delegert vedtak datert 16.10.2024

Klagar er tiltakshavar som har klagerett i saka. Vedtak i saka er sendt ut 16.10.2024. Klage er mottatt 30.10.2024 og er mottatt innan fristen.

Saka har ikkje vore handsama av APM tidlegare.

Vidare sakshandsaming

Om klagen ikkje vert teke til følgje vert saka sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd så snart møtebok ligg føre, og seinast innan 2 veker etter møtedato.

Om klagen vert teke til følgje, vert vedtaket eit nytt enkeltvedtak som partane kan klaga på. Vedtaket skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland til klagevurdering. Handsaming av rammeløyvet sendast då tilbake til administrasjonen.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som bruk og vern av sjø. Tiltaket ligg og i faresone ras- og skredfare H310 og bevaring naturmiljø H560.

Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå arealføremål bruk og vern av sjø. Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

Omsyna bak føresegn[a] vert ikkje vesentleg tilsidesett

Sentrale punkt som vektleggjast:

- Fjerning av grunna vil ikkje vera i konflikt eller til hinder for friluftsliv.
- Tvert om vil tiltaket vera ålmennyttig og betra seglingstilhøva i vågen for alle båtar
- Sjølv om anlegget i Bjørsvik ikkje kan definerast som eit akvakulturanlegg i sjø, er anlegget tilknytt denne næringa og må ha alle sine leveransar sjøvegen. Det vil vera avgjerande å styrke denne ferdselsvegen og legge til rette for sikker bruk av denne.
- Fjerning av grunna vil gi fordelar for både ålmenta og næringa.

Fjerninga av grunna i Bjørsvika vil ikkje ha negative eller øydeleggande konsekvensar då det hovudsakleg er reint fjell som vert sprengt vekk, og naturen på botnen vil gradvis gjenopprette seg. Ved å fjerne grunna kan dei større brønnbåtane nytta sjøvegen, og dei er meir miljøvennlege og stillferdige. Ved å ikkje fjerne grunna vil det vera lite berekraftig og ikkje positivt for miljøet, og det vil føra til auka trafikk med

transportbilar langs vegen. Prinsippa om openheit, forutsigbarheit og medverknad for å inkludera interessantar og myndigheiter er ivaretatt gjennom høyringar til andre myndigheiter og varsling til naboar.

Prinsippet om universell utforming, omsynet til barn og unges oppvekstvilkår, samt kravet om tilgjengelege bueiningar, er ikkje relevante for denne dispensasjonen.

Samla sett kan ein ikkje sjå at føremålet vert vesentleg sett til side i denne saka.

Fordelane ved å gi dispensasjon er klar større enn ulempene

Omsøkt tiltak vil gje ei betre utnytting og auka kapasitet for innsegling til Bjørsvik. Ein vil i tiltaket ikkje fjerna større areal/volum enn nødvendig for å sikre trygg ferdsel. Samstundes vil ein kunne drive konkurransedyktig næringsverksemd og trygge arbeidsplassar innan akvakultur i Alver kommune.

For å kunne oppretthalde ei god utvikling på anlegget i Bjørsvik, er det viktig å sikre trygge og gode leveransar via brønnbåt.

I høve til ulempevurderinga bør det leggjast vekt på at omsøkt tiltak omfattar ein ferdsel og aktivitet som allereie eksisterer. Tiltaket utfordrar dermed ikkje føringane som gjeld for området.

Ulempa vil vera at det blir sprenging av skjær i sjø som hovudsakleg er reint fjell som vert sprengt vekk, og naturen på botnen vil gradvis gjenopprette seg. Fordelen er at det vil være meir berekraftig med miljøvennlege båtar langs sjøvegen. Om grunna ikkje blir fjerna, vil det føra til meir tungtransport langs vegen til settefiskanlegget i Bjørsvik.

Konklusjon

På bakgrunn av ei heilskapsvurdering meiner me at både vedtektene og omsyn til lova sitt føremål ikkje vert vesentleg sett til side, og føremonene med å gi dispensasjon er klart større enn ulempene.

Då begge vilkåra for dispensasjon er oppfylt meiner vi det er grunnlag for å gje dispensasjon.

Me ber difor kommunen om dispensasjon til fjerning av grunne i innseglinga til Bjørsvik.

Klagegrunnar

Klagen er i hovudsak grunngjeve med følgjande:

Klagen er grunngitt med behovet for å trygge farlei til eit oppdrettsanlegg, HMS og konkurranseevne. Klagaren meiner fordelane med tiltaket, som inkluderer avgrensa

naturpåverknad og betring av tilkomst, klart overstig ulempene, og at det bør handsamast som dispensasjon parallelt med reguleringsplanarbeidet.

Administrasjonen vurderer at omsynet til at utvikling av næringsområde og medfølgende natur og miljøkonsekvensar, bør skje gjennom ein planprosess og ikkje enkeltvise dispensasjonar. Planprosessen vil sikra at utviklinga skjer på ein gjennomtenkt måte som tar heilskapleg omsyn til natur, miljø og nærområde, i tillegg til å kvalitetssikra og avdekka miljøkonsekvensar. Planprosessen vil og i større grad sikra trygging av farleia på ein måte som er vurdert i eit større perspektiv, med omsyn til heile området.

Det vert vist til klagen i sin heilskap som følgjer vedlagt.

VURDERING

Administrasjonen viser til vurderinga som vart gjort ved handsaminga av søknaden og legg denne til grunn. Det vart gjort følgjande vurdering:

«Sjølv om eit tiltak ikkje direkte er omfatta av plankravet er det ikkje til hinder for at kommunen vurderer at tiltaket art og omfang tilseier at endringa ikkje bør skje gjennom dispensasjon, men ein planprosess. Dett er ikkje eit sjølvstendig plankrav, men ein del av vurderinga når ein tek stilling til om det skal dispenserast frå arealføremål, slik det er gjort i neste punkt.

Vurdering av omsynet

Omsynet bak bruk og vern av sjø er blant anna å ta vare på sjøens ulike verdier og funksjoner, deriblant vern av naturområder viktige for biologisk mangfald, sikre at områdene er tilgjengelege for ålmenta for friluft og rekreasjon m.m.

I følgje søkjar vil tiltaket ikkje ha negative konsekvensar da det er reint fjell som vert sprengt vekk og naturen på botnen vil gjenopprette seg. Etter søkjarens vurdering vil heller ikkje skape hinder for friluft, og heller skape betre seglingstilhøva for alle båtar. Fjerninga vil derimot

Kommunens vurdering er at tiltaket ikkje blir *vesentleg* tilsidesett. Det er allereie etablert landbasert akvakultur i Bjørsvik med båttrafikk som følgjer av næringa. Opptrapping av allereie etablert næring inneberer naturlegvis ikkje ein like stor tilsidesetting av omsyna som ein etablering av næring i et nytt område utan nokre trafikk. Sprenging av store masser er uheldig, men lovens høge terskel er etter kommunens vurdering ikkje overskrida.

Kommunen vurderer at vilkåret om at fordelane skal vere klart større enn ulempene ikkje er oppfylt. Det nemnast i søknaden at tilrettelegging for større båtar vil føre til færre anløp i løpet av året, at moderne båtar vil føre til mindre lyd og utslepp og sikre fiskevelferd gjennom tryggare navigering. Søkjer sin vurdering er at opphavlege avslaget frå kommunen i sak 22/3059 var grunna flytekaia, og ikkje fjerning av grunne.

Søkjar har tolket nemnte vedtak feil. Terrenginngrepet blei da avslått på sjølvstendig grunnlag. Kommunens standpunkt rundt dette er uendra. Fordelane med sprenginga kan ikkje vere «klart» større enn ulempene når eit så inngripande og irreversibelt tiltak skal køyrast som ein byggjesak framfor ein planprosess. I følge KP pkt. 3.5.1 er det ikkje tillate med tiltak som kjem i konflikt med natur, friluft, ferdsle eller fiske. Sjølv det kan argumenterast for at tiltaket kan fremme visse friluftaktiviteter skal ikkje det eine omsynet gå på bekostning av andre omsyn som også er meint ivaretekne her, slik som natur og fiske.

Det er vanskeleg å sei at fjerning av så store masser gir ein større fordel for natur og fiske enn om det ikkje blei gjort vesentleg terrenginngrep i botnen med, mindre ein legg til grunn fordelane for tiltakshavar og næringa, noko som ikkje kan vektleggjast ved slik vurdering. Enda mindre haldepunkt er det for å sei at fordelane er «klart» større enn ulempene.

Utviking av næring bør skje gjennom planprosessar, og ikkje enkeltvis dispensasjonar. Det vil sikre ein demokratisk prosess og ein meir gjennomtenkt utvikling av området.

Administrasjonen si vurdering er at fordelane ikkje er klart større enn ulempene. Dei kumulative vilkåra for dispensasjon er ikkje oppfylt.

Administrasjonen vurderar at siden tiltaket vil inngå som ein del av regulering i forbindelse med pågåande planprosess, er det desto mindre grunn til å gje løyve via dispensasjon. Som direkte følge av planprosessen vil tiltaket kunne gjennomførast i tråd med reguleringsplan, etter gode utgreiingar av konsekvensar for natur- og miljø i området.»

Konklusjon

Det er kommunedirektøren si vurdering at det ikkje har komen fram nye opplysningar i klagesaka som tilseier at klagane skal takast til følge og vedtaket gjerast om.

På denne bakgrunn rår kommunedirektøren til at klagen ikkje vert tatt til følge.

GENERELL INFORMASJON

- Den som er part eller som har rettsleg klageinteresse har rett til å klage over vedtaket, jf. forvaltningslovens § 28.
- Klagefristen er tre veker frå den dag underretninga om vedtaket kom fram til parten. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristens utløp. Dersom klagen kjem inn etter fristens utløp, vil den bli avvist. Klagen kan likevel tas under behandling når det ligg føre særlege grunner eller klager ikkje kan lastast for forseinkinga, jf. forvaltningslovens §§ 29, 30 og 31.
- Dersom ein part meiner at vedtaket ikkje er grunngjeven, kan det settast fram krav om dette innan klagefristen utløp, jf. forvaltningslovens §§ 24 og 25.

- Klagen må nemne det vedtaket det klagast over, kva som ønskes endra og vere underteikna av klagaren eller hans fullmektig. Klagen bør grunngjevast, jf. forvaltningslovens § 32.
- Vedtaket kan gjennomførast sjølv om det er påklaga. Klager kan likevel be om å få utsatt iverksettinga av vedtaket, inntil klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Statsforvaltaren kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsatt iverksetting av vedtaket, jf. forvaltningslovens § 42.
- Med visse begrensningar har partane rett til å sjå dokumentane i saka, jf. forvaltningslovens § 11.
- Kommunen vil kunne gje nødvendig veiledning for at alle partar skal kunne ivareta sine interesser på best mogleg måte, jf. forvaltningslovens § 11.
- Kommunen sin frist for å saksførebu klagesaka for klageorganet er 8 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 c.
- Der Statsforvaltaren i Vestland er klagar, vert klagesaka vidaresendt til departementet for oppnemning av setjestatsforvaltar. Sakshandsamingsfrist for oppnemning av setjestatsforvaltar er 6 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 e.
- Der vedtaket er endra til gunst for klager i klagesaken, er det adgang til å kreve dekning for nødvendige og vesentlige kostnader til advokat eller utgifter til annen juridisk bistand. Kravet må vere framsett innan tre veker etter at underretning om det nye vedtaket er kome frem til klager, jf. forvaltningslovens § 36.
- Søksmål om gyldigheten av vedtaket, eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, kan ikkje reisast utan at ein har brukt sin adgang til å klage på vedtaket og klagen er avgjort av høgste klageinstans. Søksmål kan likevel reisast når det er gått 6 månader frå klage fyrste gang ble framsett og det ikkje skyldast forsømmelse frå klagars side at klageinstansens avgjerd ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Vedlegg

- 1 Dispensasjon om fjerning av grunne - Alver kommune
- 2 C-5 Kart over naboer som er varslet (1)
- 3 D-2 Situasjonsplan - grunne i sjø
- 4 D-3 Relieff 1m dybdekurver 1-2000_19062019
- 5 E-1 Tverrprofiler - grunne i sjø
- 6 E-2 Bilde av grunne 1
- 7 E-3 Bilde av grunne 2
- 8 E-4 Bilde av grunne 3
- 9 E-5 Bilde av grunne 4
- 10 Avslag på søknad om vesentlig terrenginngrep - gbnr. 229/9 - Bjørsvikvegen 135A - Rammesøknad

